



Ingrid Orvedal  
Skarsvegen 276  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/3724 - 17/23440

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
24.08.2017

## Manglar i søknad om utslepp og løyve til tiltak - gbnr 145/34 Fosse indre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om utsleppsløyve og søknad om etablering av avløpsanlegg den 24.06.2017.

Vi beklagar at de ikkje har fått svar tidlegare.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

### Signatur

Eigar av utsleppet skal signera på utsleppsløyve, fordi eigar forpliktar seg til å følgja regelverket for utslepp etter at avløpsanlegget er sett i drift.

### Tilkomst

Ein føresetnad for å få løyve til å etablere avløpsanlegg er at eigedommen har godkjent avkjørsle med tilfredsstillande tilkomst for tømning av slamavskiljaren innafor den ordinære tømmeordninga med stor slamtømmebil. Det innber at slamavskillar ikkje kan ha større avstand enn 100 meter og ikkje ligge lågare enn 8 meter frå køyrbar bilveg.

Bygging av tilkomstveg med avkjørsle i samsvar med reguleringsplanen, vil vera ei kurant byggesak som ikkje treng nabovarslast dersom grunneigarane har gjeve skriftleg samtykke.

### Privatrettsleg

Det må leggest fram skriftleg samtykke til å plassera tilkomstveg, slamavskiljar og leidningar frå eigarane av gbnr 145/28:

JOHANSEN HILDE LANGELAND  
JOHANSEN SVERRE

og frå eigar av gbnr 145/84

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

:REKNES BYGGJEVARER L/L  
:Masfjordvegen 187  
:5986

Desse samtykkeerklæringane skal tinglysast på eigedommane før anlegget kan byggast.

### **Dispensasjonssøknad**

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som byggeområde for bustadar. Byggeområdet er omfatta av det generelle kravet om utarbeiding av reguleringsplan før tiltak etter pbl §§ 20-1 og 20-2 kan godkjennast.

Omsøkte tiltak er følgeleg avhengig av dispensasjon frå punkt 1.1 i bestemmelsane til kommuneplanen for å kunne godkjennast. Dette gjeld også tilkomstvegen til eigdommen, som ikkje er med i denne søknaden. Sjølv avkjørsle frå fylkesvegen er vist i godkjent reguleringsplan

Kommunen ber om at tilleggsdokumentasjonen vert sendt inn samla **innan 24.09.2017**. Då kan vi gje eit **utsleppsløyve med vilkår**, som må vera oppfylte før vi kan gje løyve til å bygga avløpsanlegget. Løyvet vil vera mellombels, med plikt til å knyta seg til kommunalt anlegg eller anna fellesanlegg når det blir etablert i området. Utsleppsløyve med sjøleidning vert også sendt til Bergen og Omland havnevesen for godkjenning før anlegget kan byggast.

### **Løyve til å bygga avløpsanlegget**

kan vi først gje når :

- ✓ bygging av tilkomstveg med avkjørsle er godkjent
- ✓ privatrettslege løyve er tinglyste på alle involverte eigedommar
- ✓ slamtømmefirma stadfestar at tømning av slamavskiljaren innafor den ordinære kommunale tømmeordninga med stor slamtømmebil er mogeleg
- ✓ utsleppsleidning i sjø er godkjent av Bergen og omland havnevesen

Dersom tilleggsdokumentasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Lindås Rør & Sanitær AS

**Mottakarar:**

Ingrid Orvedal

Lindås Rør & Sanitær AS

Skarsvegen 276

Burkhovdane 1

5911

5914

ALVERSUND

ISDALSTØ